

Nynorskpris til ungdommar

19.06.2009



Uskedalsjenta Siv Hanne Kjærland og Vegard Enes Ludvigsen frå Rosendal er tildelt Kvinnherad Mållag sin nynorskpris 2009.

Torstein Aarthun overrekte prisen under avslutningsfesten for avgangselevane ved Rosendal ungdomsskule torsdag kveld.

Dei to ungdommane vart tildelt prisen for at dei har vist seg særsla dugande i bruk av nynorsk. Oppfordringa til ungdommane er at dei skal halda fram og skriva nynorsk og snakka dialekt.

Prisen er på 500 kroner, og det er norsklærarane ved ungdomsskulen som har stått for utvelginga av prisvinnarane

